

## Grunngeving for søknad om nytt programområde

### Vg2 Helse og oppvekstfag: Helsearbeidarfag

Sygnas vidaregåande skule har i dag godkjenning for inntil 255 elevar.

Innafor dette elevtalet har vi i dag fire utdanningsprogram. Vi søker nå om godkjenning av eit nytt programområde innafor utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag som vi allereie har godkjenning for. Søknaden gjeld oppstart av Vg2 Helse- og oppvekstfag frå hausten 2019. Vi har elevplassar nok til denne utvidinga innafor elevtalet vi allereie er godkjent for.

I godkjenningsbrev og på Udir si «tavle» er fordelinga av elevtalet pr utdanningsprogram noko ulik. Tabellen under viser dette.

Kolonnen til høgre viser elevfordelinga slik vi ønskjer å ha den når skulen opprettar Helsearbeidarfag.

Programområde	Godkjent elevtal frå godkjenningsbrev datert 01.10.07	Godkjent elevtal som ligg i portalen	Framlegg til ny fordeling
Studiespesialisering	133	90	82
Kunst, design og arkitektur (før: Stud.spes med formgjeving)	inkl påbygg	18	24
Idrettsfag	90	90	81
Helse- og oppvekstfag			
- Vg1 Helse og oppvekstfag	32	32	43
- Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag			
- Vg2 Helsearbeidarfag	-	-	
Påbygg til gen.studiekomp.		25	25
<b>Totalt:</b>	255 elevar	255 elevar	255 elevar

Sygnas vidaregåande skule søker altså om å utvide tilbodet innan utdanningsprogrammet Helse- og oppvekstfag med eit nytt programområde på Vg2: Helsearbeidarfag.

Bakgrunnen for søknaden:

#### Elevar etterspør Vg2 Helsearbeidarfag:

- Det er stor interesse blant elevar som går Vg1 Helse- og oppvekstfag for å gå vidare på Vg2 Helsearbeidarfag. Det har dei siste åra vore ei auke i talet på elevar som har måtta skifte skule fordi Sygna ikkje gir tilbod om Helsearbeidarfag.
- Sygna har også dei siste åra eit auka tal av elevar med utanlandsk bakgrunn. Mange av desse har valt Helse- og oppvekstfag. Inneverande år har 7 av 20 elevar på vg1 HO minoritetsspråkleg bakgrunn. Om lag halvdelen av desse elevane ønskjer å gå vidare på Vg2 Helsearbeidarfag, og må difor skifte skule etter å ha opparbeidd seg eit godt sosialt nettverk og blitt godt integrert blant norsk ungdom i internatet.

**Sygnas gode føresetnader for å starte Helsearbeidarfag**

- Det kjem stadige og tydelege signal frå kommunar og sentrale politikarar om at behovet for helsefagarbeidarar er stort og aukande. Vi opplever at vi har gode føresetnader for å utdanne helsefagarbeidarar. Både noverande kompetanse på skulen og tilgangen til ny, nødvendig kompetanse er god fordi vi allereie har tiletsette med kompetanse innafør Helse- og oppvekstfag.
- Sygna har allereie tilbod om Vg1 Helse- og oppvekstfag og Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag. Begge desse klassane har i mange år hatt eit godt samarbeid med m.a. den kommunale sjukeheimen (i tillegg til eit samarbeid med den kommunale barnehagen og den kommunale barne- og ungdomsskulen), der ein relativt stor del av opplæringa i programfaget kommunikasjon skjer. Samarbeidet er knytt til stiftinga *Livsglede for eldre*. Med eit tilbod om Vg2 Helsearbeidarfag vil det vere naturleg å utvide dette samarbeidet ytterlegare. Det er etter vår vurdering grunn til å tru at dette og vil kunne gjere arbeidet med lærlingplassar lettare.
- Tilgang til lærlingplassar er ikkje noko skulen rår over direkte, men det er grunn til å tru at dette vil ha høg prioritet i kommunane framover, jmf. det store behovet for helsefagarbeidarar i kommunane. Då Sygna vidaregåande skule har heile landet som inntaksområdet vil naturleg nok også presset på lærlingplassane fordele seg utover heile landet.  
For nokre av elevane vil det nok også vere aktuelt å halde fram med Påbygging til generell studiekompetanse, som Sygna vidaregåande skule tilbyr. Desse elevane vil då mest truleg gå inn i høgskulesystemet og ikkje nødvendigvis gi behov for lærlingplass.

### **Sygna har inntak frå heile landet - under halvdelen av elevane frå Sogn og Fjordane**

- Det er pr. dato seks vidaregåande skular i Sogn og Fjordane som tilbyr Vg2 Helsearbeidarfag. Det er liten grunn til å tru at Sygna vidaregåande skule vil konkurrere i særleg grad med dei fylkeskommunale skulane om elevar.
- Tal frå dei siste tre åra viser at under halvparten av elevane som går Vg1 Helse- og oppvekstfag og Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag på Sygna kjem frå Sogn og Fjordane. Konkrete tal viser at 37 av 79 elevar på Helse- og oppvekstfag har vore frå Sogn og Fjordane.
- Som friskule med internat er heile landet inntaksområde og vi trekker til oss elevar frå sentrale stork rundt om i landet til utkantfylket Sogn og Fjordane.
- Sygna har også mange elevar som flyttar til Sygna på internat fordi dei av geografiske omsyn har hybel som einaste alternativ. Av dei elevane som kjem frå Sogn og Fjordane er ein stor del elevar frå plassar i fylket som ligg såpass langt unna ein vidaregåande skule at hybel er det einaste alternativet. For desse elevane er internat, der elevane får både tilsyn og måltid, eit godt alternativ.
- I denne samanhengen er det dessutan eit viktig moment at Sygna ikkje søker om auka totalt elevtal – berre om ei endring av tilbodet. Sjå kommentar om forslag på reduksjon av elevar på Studiespesialisering og Idrettsfag. (Om disponering).